

# MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Råd:	<b>Stord sokneråd</b>
Tid:	<b>Torsdag 21. april 2022</b>
	<b>Kl. 19.00 – 21.00</b>
Møtestad:	<b>Kyrkjestova Fredheim</b>
Opning:	<b>Egil og Oslo gospelkor: O Jesus du som fyller alt i alle</b>

**Til stades:** Nils Dale Elde, Kirsti Angvik Frugård, Sigrunn Ljosland, Olav Johannes Oma, Egil Petterteig, Dag Sele, Signe Vorland (1. vara), Dag Kjetil Lægreid (2. vara)

**Forfall:** Anders Dahl, Ingeborg I. H. Ørjasæter, Sigrid Beate Eskeland

## SAKLISTE

### 2022/21- 012 Godkjenning av innkalling og sakliste

**Vedtak:** Godkjent

### 2021/22- 012 Godkjenning av møtereferat fra sist soknerådsmøte

**Vedtak:** Godkjent

### Orientering frå AU om saker vedteke på fullmakt

Ingen saker

### 2022/23- 360 Oppstart hausten 2022

Vedtak i Sak 2022/20: *Det blir familiegudsteneste 4. september. Utvala blir oppmoda til å vurdera oppstart i veka før eller etter dette. Koordinering, inkl. vurdering rundt evt. reSTART-helg blir teke opp i neste soknerådsmøte*

**Vedtak:**

Soknerådet ynskjer ei ReStart-veke; la alle komitear og alt arbeidet vera med og visa seg fram denne veka.

Mulige aktivitetar;

3.9, Pizza og quiz laurdag

4.9, Familiegudsteneste i parken? med kyrkjekaffi

4.9, Søndagskaffi

Etc. TOL

10.9, neste helg basar på Fredheim, med konsert med Lykte i kyrkja på laurdagen.

### 2022/24- 311 Gudstenesteplan for hausten 2022

Forslag til gudstenesteplan for hausten er sendt til gudstenesteutvalet for innspel og skal og drøftast på stabsmøte 20.april. Sjå vedlegg.

**Vedtak:**

Gudstenesteplan for hausten 2022 vert godkjend med dei endringar som kom fram i møte. (Huglo 16.10 flytta til 9.10).

### 2022/25- 421 Kyrkjelydshus – ny arbeidsgruppa

Stord sokneråd og Stord Kyrkjelege Fellesråd har i mange år arbeidd med planar om eit kyrkjelydshus. Soknerådet får ei orientering om tidlegare arbeid og status i saka.

Stord Kyrkjelege Fellesråd skal i sitt møte 20.april behandle ei sak med forslag om å etablere ei styringsgruppe med deltaking frå fellesrådet, Stord sokneråd og Kyrkjestova Fredheim for vidare arbeid med saka. Vedlagd sakspapir er ein rapport utarbeidd for førre sokneråd/fellesråd våren 2017, i tillegg til arbeidsutvalet i fellesrådet si innstilling i saka til fellesrådsmøtet 20.april

**Vedtak:**

# MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Det er eit sterkt og veksande ønske om kyrkjelydshus i kyrkjelyden i Stord kyrkje. Det er tidlegare gjort mykle arbeid for å utreda eit mogeleg kyrkjelydshus og kjøp og drift av Kyrkjestova Fredheim er tenkt å vera eit steg på vegen, sjølv om dette huset er mykje for lite til føremålet. Samtidig har kjøpet av Fredheim ført til etablering av ei gjevarteneste som på eit par år har samla inn over ein million kroner, sjølv til eit såpass avgrensa prosjekt. No er det trond for å arbeida vidare med dette tema og Stord sokneråd ønsker å delta i styringsgruppa som blir etablert for det vidare arbeidet.

Stord sokneråd oppnemner soknerådsleiar, for tida Anders Dahl, og **Dag Kjetil Lægreid** til å delta i styringsgruppa som etablerast av fellesrådet.

## **Mandat:**

Styringsgruppa får som overordna mandat å vidareføra arbeidet med å realisera eit kyrkjelydshus i Stord sokn. Det primære ønsket er eit kyrkjelydshus som også inneholder kontorløysingar for alle dei tilsette, men også andre løysingar kan vurderast. Styringsgruppa konstituerer seg sjølv og organiserer sjølv arbeidet slik dei finn det tenleg. Dei ulike aktørane gir ut over dette sine eigne representantar i styringsgruppa eit mandat tilpassa sitt eige ansvarsområde.

## Soknerådet sine representantar får følgjande tilleggsmandat:

Representantane får fullmakt til å vurdera og evt. utreda dei løysingar og lokaliseringar dei finn tenlege. Soknerådet må få sak til behandling før det blir teke bindande avgjerder, utan etterhald, som gjeld lokalisering og utforming av eit kyrkjelydshus. I tillegg ønsker soknerådet løpende, generell oppdatering om arbeidet.

## **Orienterings-/drøftingssaker utan vedtak:**

1. «Kva skjer i kyrkja vår?», orientering v/sokneprest  
Konfirmasjon  
sjukeheim  
gudstenestene i påska  
Frivilligsamling neste onsdag
  2. Innspel frå utvala  
Diakoniutvalet gjennomførte samling om rus og psykiatri, veldig bra, men for lite folk.  
  
Kyrkjelivsutvalet, det skjer ting quiz og søndagskaffi bra deltaking.
  3. Orientering frå Fellesrådet v/ Dag.  
Møte 20. april.  
Gav uttale til kommuneplanen sin samfunnsdel.  
Fellesrådsøkonomi: Litt overskudd pga sjukepengerefusjonar. Elles er drifta noko anstrengt.  
Litt om personalsituasjon.
  4. **Årsmøte 2022 vert 24.april etter gudstenesta – alle er sterkt oppmoda om å møte!**
  5. **Inspirasjonssamling for frivillige i kyrkja ons. 27 april kl 19 – alle er sterkt oppmoda om å møte!**
- **Skriv, referat og meldingar**
    1. Referat, Trusopplæringsutval 7.mars
    2. Brev frå Stord Kyrkjelege Fellesråd – Høyring vedr diakon og kantorstillingar  
(Vert sak på soknerådsmøte i mai)
    3. Innkalling til årsmøte inkl. årsrapport for 2021 og budsjett for 2022

# MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Dag Sele  
nestleiar og møteleiar  
sign

Olav J. Oma  
referent  
sign